



Eksamenstekst på nynorsk:

Eksamen (6 timar) 3. desember 2015, kl. 09.00-15.00

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste (utan egne merknader/markeringar)

Sider: 1 oppgåveark (nynorsk) + 1 oppgåveark (bokmål)

Oppgåver:

Svar på minst åtte av spørsmåla til setninga nedanfor. Halvparten av spørsmåla skal svarast på på nynorsk og den andre halvparten på bokmål (med mindre du har søkt om fritak for den eine målforma).

Setninga som skal kommenterast:

Etter eitt semester med grammatikk veit eg at eg kan analysere ord og setningar.

- Kategoriser alle orda i denne setninga i ordklassar og fortel kva for kriterium ein bruker for å dele ord inn i ulike klassar. Forklar også korfor *at* og *og* høyrer til ulike ordklassar.
- Forklar forskjellen mellom frasane *eit semester* og *eitt semester*.
- Lag ein morfologisk treanalyse (morfemanalyse) av ordet *setningar*. Forklar fagtermane du bruker.
- Lag ein frasestrukturanalyse av frasen *etter eitt semester med grammatikk* og forklar framgangsmåten din.
- Lag ein funksjonsanalyse av denne setninga og plasser dei ulike setningsledda i eit feltskjema. Forklar framgangsmåten din og vurderingane du gjer.
- Forklar den fonologiske (lydlege) forskjellen mellom orda *etter* og *eter* (t.d. *etter kvart* vs. *Hunden eter* (bokmål)). Bruk og definer fagtermar. Kom også inn på rettskriving og normering.
- Kva er det som gjer denne setninga til ei ytring, og kva er forskjellen mellom ytring og setning?
- Kommenter setninga ut frå perspektiva grunnleggjande behov og språkfunksjonar som du kjenner frå tekstlingvistikken.
- Setninga inneheld mange påstandar (presupposisjonar). Forklar korleis du kan vise kva som er hovudproposisjonen i setninga.
- Kva slags type verb er *vite* (morfologisk). Reflekter over dei semantiske rollene som kan vere knytte til dette verbet og eventuelle konsekvensar for bruken av aktiv og passiv.



Høgskolen i Hedmark
LUNA
Emne: Språk- og tekststrukturer

Eksamenstekst på bokmål:

Eksamen (6 timer)

3. desember 2015, kl. 09.00-15.00

Hjelpemiddel:

Norsk-norsk ordliste (uten egne merknader/markeringer)

Sider: 1 oppgaveark (nynorsk) + 1 oppgaveark (bokmål)

Oppgaver:

Svar på minst åtte av spørsmåla til setninga nedenfor. Halvparten av spørsmåla skal svares på på nynorsk og den andre halvparten på bokmål (med mindre du har søkt om fritak for den ene målforma).

Setninga som skal kommenteres:

Etter ett semester med grammatikk veit jeg at jeg kan analysere ord og setninger.

- Kategoriser alle orda i denne setninga i ordklasser og fortell hvilke kriterier man bruker for å dele ord inn i ulike klasser. Forklar også hvorfor *at* og *og* hører til ulike ordklasser.
- Forklar forskjellen mellom frasene *et semester* og *ett semester*.
- Lag en morfologisk treanalyse (morfemanalyse) av ordet *setninger*. Forklar fagtermene du bruker.
- Lag en frasestrukturanalyse av frasen *etter ett semester med grammatikk* og forklar framgangsmåten din.
- Lag en funksjonsanalyse av denne setninga og plasser de ulike setningsledda i et feltskjema. Forklar framgangsmåten din og vurderingene du gjør.
- Forklar den fonologiske (lydlige) forskjellen mellom orda *etter* og *eter* (t.d. *etter hvert vs. Hunden eter*). Bruk og definer fagtermer. Kom også inn på rettskriving og normering.
- Hva er det som gjør denne setninga til ei ytring, og hva er forskjellen mellom ytring og setning?
- Kommenter setninga ut fra perspektiva grunnleggende behov og språkfunksjoner som du kjenner fra tekstlingvistikken.
- Setninga inneholder mange påstander (presupposisjoner). Forklar hvordan du kan vise hva som er hovedproposisjonen i setninga.
- Hva slags type verb er *vite* (morfologisk). Reflekter over de semantiske rollene som kan være knyttet til dette verbet og eventuelle konsekvenser for bruken av aktiv og passiv.